Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sauda

Emne: Julatre og julekalmer | Bygdelag:

Oppskr. av: Johna Hylen | Gard: Fløgstad

(adresse): Solberg | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ja julatre er vanlegt her i bygda

Det fyrste vart julatre bruka berre i heimane, seinare tok ein til å nytta det i kyrkja og på julafestar

Noko avgjort eller sikkert årstal er vant å få noko greide på, men alle er einige om att det var millom 1880 og 90 åra.

Papirpynt er det mest kjende

Serleg på lampar ljosestakar og elles i stova der ein tykte det fiffa op og laga helgestemning.

No til dags pyntar ein og ut stova med ymse slag krim krans so som papirnissar. o. a.

Det er so ymse frå 1 m til 1,50 - 60 er det vanlege, elles varierar det etter stove høgden

Med stjerne i toppen og so mange

4082

Gjos ein kan få plass til
Det er borna som pyntar jula-
tre, med mor eller får som
hjelpesmenner
Sume har det ståande på
eitt bord, men det mest vanlege
er fritt på golvet i ein sokalla
julatre fot
Julafton då grauten er
komen på bordet, og alle har
sessa seg rundt, slökkjer me
alle andre ljos og koikjer
Ljosa på treet, likeeins nyårs-
afton.
Ve går rundt treet og syng
julasalmar og julasongar
det vil segja slike som
handlar om jul, og det store
kan det.

Det vanlege er frettandagen
Dei som pynta får og hausta
som er utflytkket her
Fåra er mest bruka i den
samare tid har sume byrja
bruka gran
Nokon etterlikning for julatre
er ikkje kjendt
Nei noko tre som vart opset-
utan for husa julekvelden er
ikkje kjend, men kornbandet
vart alltid uthengt
Nei halm er ikkje omtala i
samanheng med julaftan.

men derimot fortelst det att i gamal tid bruka sume og ströya firkakka brakje eller fåretådl utyver golvet julaftan

4082

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING